

Krev betra oljevernberedskap

Forbundsstyret i Norsk Arbeidsmandsforbund konstaterer at det Kypros-registrerte lasteskipet M/S «Server» gjekk på grunn rett sør for Fedje i Hordaland den 12. januar. Konsekvensen av det-

te skipsforliset har blitt at områdene på Fedje, og strendene i nabokommunane er blitt tilgrisa av olje. Mykje sjøfugl har også omkomme som følge av dette oljeutslippet.

– Norsk Arbeidsmandsforbund som organiserer medlemmer i Kystverket, har ei rekke gonger overfor politiske myndigheiter, teke opp viktigheita av at oljeberedskapen og tryggleiken langs

kysten må betrast og vere av høgste standard. Det er også helt avgjerande at sjøtryggleiken og oljevernberedskapen langs kysten må vere et nasjonalt og offentleg ansvar. Det er ikkje akseptabelt

at Kystverket gambler med tryggleiken i staden for å sette inn den kompetansen som finst i eigen etat, som vart brukt under Rocknes-forliset, skriv Norsk Arbeidsmandsforbund i ei



Surfehus: Anne-Kari Lerfald i Stad Surfing håpar at ikkje oljesølet vil bremse det gode besøket dei har hatt til no.

Håpar på vidare drift

Torkild Strandvik og Anne-Kari Lerfald i Stad Surfing håpar at ikkje dette oljesølet frå «Server» skal øydelegge næringa deira.

Håvar Fagerli
havar.fagerli@fjt.no
telefon 942 79 790

Torkild Strandvik og Anne-Kari Lerfald har slått seg ned i Hoddevik der dei leiger ut rom og surfeutstyr til surfeplade gjester frå heile verda. Dei har begge vore aktive med på oppryddinga i Hoddevik. Torkild har vore ute og rydda olje, medan Anne-Kari starta eit lite mottak av skadde fuglar. Surfehuset i Hoddevik var òg nytta til base for oppryddingsarbeidet.

– Om vi greier å få rydda opp all oljen, trur eg at dette ikkje vil få nokon innverknad på gjestedøge- ra våre, seier Torkild Strandvik.

– Det er det reine som trekkjer mange til Hoddevik. Dei besøkande er alltid imponert over kor reint det er både i sjøen og på land, seier Anne-Kari Lerfald.

– Dei fleste surfarane frå Sør-Europa har oljeflek- kar på bretta sine fordi det er mykje olje i sjøen der nede. Kanskje dei no vil kjenne seg meir heime, seier Torkild, som greier å behalde humøret sjølv om det ser svart ut i Hoddevik.

Fredag sette det interkommunale oljevern- valet i gong opprydding av strendene, Hoddeviksanden og Erviksanden, på Stadlandet.

Håvar Fagerli



Håvar Fagerli
havar.fagerli@fjt.no
telefon 942 79 790

Det vart onsdag runne olje på Hoddeviksanden. Innbyggjarane i Hoddevik slo alarm, men ryddemannskap var først på plass to døgn etterpå.

Fleire av innbyggjarane Fjordenes Tidende snakka med fryktar at dette var for seint, fordi oljen grev seg ned i sanden, og vil då dukke opp att seinare.

Leiar i oljevernutvalet, Håkon Olsen, seier at at dei var på plass så fort dei kunne.

– Vi hadde båtar ute tidleg i fassen. Dette gjorde vi både for å sjå etter oljesøl, og for forsikre oss at oljen verkeleg stamma frå «Server», som hadde utslepp ved Fedje, seier Olsen som saman med brannsjef i Selje, Steinar Hatlelid, leia oppryddinga langs Stadlandet.

Olsen seier at dei vart ferdige med oppryddinga fredag og fekk samla saman omlag 30 kubikk- meter med materiale tilgrisa av olje.

Mannskap

Totalt 40 personar frå Sivilfor- svaret, Selje Brannvern og Selje Røde Kors deltok på oppryddinga fredag. Det var avtalt opp- møte på Stadlandet skule klokka åtte om morgonen. Sivilforsvaret kom frå Eid med eigen bil av ut- styr. Men einaste reidskapen som var brukande til oppryddinga var spade og rive.

– Vi har aldri vore med på opprydding etter oljesøl, men vi har blitt kursa i dette tidlegare, seier Are Haavard Fagerli i Sivilfor- svaret.

Farleg stoff

Brannsjef Steinar Hatlelid gjekk gjennom tryggleiksrutinene før



Til Bergen: Anda, med namnet Reffen, vart sendt i ei kasse til Bergen fredag ettermiddag.



Ryddegjeng: Ronald Haaland (t.h.) og Kjetil Friberg brukte fredagen til å rydde bort 30 kubikk oljeureina materiale frå Hoddeviksanden.

nokon slapp til på strendene.

– Dette kan vere svært giftige saker. Vi har fått datablad frå Statoil over kva denne bunkersoljen kan innehalde, men ein veit ikkje kva som har blitt putta oppi i ettertid, seier Hatlelid.

Oppryddingsmannskapa vart kledde i kvite dressar, støvlar og tjukke hanskar. Dei tok spaden på ryggen og grupperte seg utover Hoddeviksanden.

Klumpar

Oljen som hamna på Hoddeviksanden hadde levra seg. Det såg ut som ein stor flokk kyr hadde be-

søkt Hoddeviksanden. Over det heile låg svarte ruer av olje. Oljen var seig og hang godt fast i skoa. Noko av oljen var fanga inn i tang, og gjorde det enklare å samle saman.

Oppryddingsarbeidet gjekk ut på anten rake eller grave saman «olje- ruene» til større dungar. To lokale stilte med traktorar, og køyrde det oljetilgrisa materialet til ein samlingsplass som var etablert ved par- keringsplassen ved stranda. Her hadde oljevernutvalet sett opp tre containrar. Desse vart fyllte og skal etter planen køyrast til eit mot- tak for oljeavfall.

Klokka 17 på fredag var ein fer- dige med oppryddinga av Erviksanden og Hoddeviksanden.

– Vi reknar oss no som ferdige, men vi skal etter helga gjere ei vur- dering om vi skal ta ei ny opprydding. Det var observert olje ute i sjøen, men den oppryddinga vert i mykje mindre skala enn denne, seier Håkon Olsen.

Lokal hjelp

Allereie tordag samla fleire frivillige seg til opprydding av den kjende bade- og surfestranda på Stadlandet. Det vart på torsdag samla inn ni fat med olje.